



# DEN NORSKE KYRKJA

## Lindås kyrkjelege fellesråd

**Lindås kommune**  
**v/ ordfører**

Knarvik 3. des. 2014

### **Lindås kyrkjelege fellesråd – kommentar til budsjett 2015**

Vi viser til formannskapet sin budsjettinnstilling av 20. november 2014, formidla via e-post frå ordfører same dag. Vi viser også til Lkf sin søknad om driftstilskot for 2015, datert 19. september 2014.

#### **Økonomiske sider ved søknaden**

Lindås kyrkjelege fellesråd (Lkf) registrerar at rådmannen hadde gjort framlegg om at Lkf skulle få eit driftstilskot motsvarande det beløp fellesrådet hadde søkt om. Det er derfor vi med noko undring les at Formannskapet likevel skjærer dette ned med kr 700.000,- Om dette framlegget skulle bli ståande vil det få svært alvorlege konsekvensar for Lkf sin drift i 2015.

Lkf vil gjerne få peike på følgjande punkt:

1. den klart største delen av det omsøkte driftstilskotet som fellesrådet søkte om i brev av 19. september 2014 er driftsmidlar for Knarvik kyrkje. Dette beløpet har vore fastsatt i KS-Sak 66/11 Revidering av økonomiplan 2011 – 2014, der auka driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd i samband med driftstart for Knarvik kyrkje er estimert til NOK 500.000 pr år. Eit vedtak i tråd med formannskapet si tilråding vil medføre at ein ikkje har pengar til å drifte denne kyrkja. Dette blir enno meir alvorleg når ein tar omsyn til at biskopen i Bjørgvin alt har meldt at han forordnar gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søndag i 2015. Denne avgjerda legg ytterlegare press på andre sider av bruken av Knarvik kyrkje. Det er lite rom for å bruke kyrkjebygget til anna enn gudstenester og andre kyrkjelege handlingar.
2. Som Lkf peiker på i sin budsjettsøknad av 19. september har ein i grove trekk kopla det forventa tilskotet mot tre postar. Når det gjeld den driftsavtalen som Lkf har førebudd med teknisk drift ved Lindås kommune så har denne ein kostnadsramme på kr. 170.000,- for test og tilsyn av dei tekniske installasjonane i kyrkja, Eventuell uttrykking kjem i tillegg. Likeeins vil ein måtte forsikre kyrkja og har ein minimumstemperatur i bygget for at skader ikkje skal oppstå. Ein snakkar altså ikkje om eit nedtrekk på kr 700.000,-, men meirkostnadar på fleire hundre tusen som Lkf må dekkje anten ein får tilskot eller ikkje. Lkf vil måtte vurdere om ein skal stå som sjølvvassurandør for kyrkjebygga i 2015.

3. Då kyrkjevevja i starten av 2012 vart invitert til kommunestyret for å kommentere storleiken på tilskotet i økonomiplanen, understreka kyrkjevevja at det einaste kyrkjebygget ein hadde å samanlikne med ved berekning av FDV (Forvaltning, drift og vedlikehald) var Ostereidet kyrkje som er den nyaste kyrkja i Lindås før Knarvik (frå 1988). Her synte rekneskapen ein gjennomsnittleg FDV-kostnad for dei to siste åra på kr. 318,- pr m<sup>2</sup>. Omrekna til storleiken på Knarvik kyrkje vil årleg FDV på dette grunnlag være på rundt rekna kr 700.000,-. Kyrkjevevja sa då at denne differansen (mellom stipulert FDV og tilskotet i økonomiplanen på kr 500.000,-) ville Lkf ta ansvar for gjennom modernisering og strukturendringar i organisasjonen. Dette er samsvarande med dei opplysningane som vart gjevne då tilskotet vart tatt inn i økonomiplanen i 2010.
4. Når Lkf i sin søknad ber om 100.000 til dekking av stipulert lønsauke i 2015 oppgjer ein at dette byggjer på ein forventta ramme på 4%. Ramma i 2012 var på 4,1%; ramma i 2014 var på 4,5% (2013 var mellomoppgjer med ramme 0,75%). *Fellesrådet har her ei forventta auke knytt til stillingar med arbeidsavtale; ein har ikkje lagt inn forventta auke i kjøp av tenester frå t.d. sjølvstendige næringsdrivande m.m.* Auka løn og sosiale kostnader knytt til arbeidstakarane gitt 4% lønsauke for perioden 1. mai – 31. des. vil medføre ein auke i lønskostnader på 150.276,-. Lkf har dermed reelt søkt om tilskot motsvarande 2/3 av forventta kostnadsauke i søknaden for 2015.

Lkf ønskjer gjennom desse to eksempla (pkt 3 og 4) å peike på at ein alt har tatt grep (stipulert til 250.000,-) for å redusere kostnader i verksemda før ein søker om driftstilskot. Ytterlegare innsparingar i den storleik som Formannskapet ber om lar seg ikkje gjennomføre innanfor den organisasjonen som Lkf har i dag.

### **Organisatoriske sider ved søknaden**

Som Lkf peiker på i sin søknad av 19. september er verksemda mykje styrt av §14 i kyrkjelova. Fellesrådet skal holde hus og anlegg til kyrkjelege tenester og gravferder. Bemanninga er lagt opp med omsyn til desse oppgåvene. Gjennom første avsnitt i søknaden freistar vi å klargjøre at talet på gudstenester for det meste blir fastsett av biskopen, medan talet på gravferder skiftar frå år til år. Lkf har gjennom dei tre siste åra hatt inne to sesongarbeidarar som har stelt dei 13 gravplassane i sumarsesongen. Dette brukar vi eit årsverk på. Om noko skulle vore endra her, har vi inntrykk av at dei burde ha vore her meir, og ikkje mindre. Som kommunen vil vere kjent med utførar Lkf drift og administrasjon av kyrkjegardane på oppdrag frå kommunen, slik stoda er i dei fleste kommunane i Noreg.

Biskopen fastset talet på gudstenester ut frå ein samla vurdering av kva det vil seie å være trussamfunn, tilpassa dei geografiske tilhøve i kommunen og lokale tradisjonar.

Dei siste åra har kyrkja fått auka ansvar for at medlemmane skal få opplæring i den kristne tru som eit resultat av at skulen ikkje lengre skal ta del i denne oppgåva. Staten har stilt ei ramme til rådvelde til denne oppgåva, men her er det slik at den lokale kyrkja (fellesrådet) berre får løyvingar etter rapportering, slik at desse midlane ikkje kan nyttast fritt.

Talet på sokn i Lindås og dermed talet på soknekyrkjer er noko fellestrådet har peikt på i arbeidet ein i 2013 gjorde med Verksemdsplan for Kyrkja i Lindås. Dette er likevel ikkje noko fellestrådet rår over åleine. Det å forenkle strukturen i kyrkja er ein prosess som kan påverke på ulike måtar, men den vil uansett ta noko tid, ettersom det er det lokale soknet som har tiltaksrett for denne typen organisasjonsendringar.

Ser ein budsjettet til Lkf under eitt, er det slik at kjøp av arbeidskraft med sosiale kostnader (pensjon og arb.gj.avg) utgjer innpå 80% av budsjettet. Om ein ser på dei tre neste postane målt i storleik, er desse kjøp av energi (strøm), husleige og forsikringar. Desse tre postane utgjer 1.3 mill, eller 11,4% av 2015- budsjettet for Lkf. Om ein tar med lisensar og vedlikehaldsavtalar på programvare, instrumentar og installasjonar i kyrkjene er totalt 93,4% av totalbudsjettet tatt med.

Lkf ønskjer gjennom desse punkta å peike på at storleik og struktur på den kyrkjelege organisasjon i Lindås ikkje er lett å endre raskt, ettersom viktige styringsparametre ligg utanfor fellestrådet si kontroll, og eit økonomisk motivert initiativ frå fellestrådet overfor beslutningstakarane kan få utilsikta resultat.

### Oppsummering

Lkf vil måtte vurdere den desentraliserte strukturen som kyrkja har i dag, med kyrkjekontor og kyrkjelydslokale i Lindås senter. Ein sentralisering av dei tilsette på ein adresse vil kunne gje ein viss gevinst. Ein vil også kunne gjere noko ved å erstatta heiltidsstillingar med innleidd arbeidskraft, samt å trappe ned kvalitetskrav på t.d. innsats i kyrkjelege tenester og stell av anlegg. Det er også mogeleg å auke satsane for festeavgift på kyrkjegardane, jamvel om dette ikkje vil vere populært om ein gjennomfører begge desse to tiltaka samstundes. Det største problemet er likevel at alle dei mogelegaste tiltaka som er nemnde her vil ta noko tid, og gje lita effekt i 2015.

Lkf vil derfor oppretthalde vår søknad om 11.4 mill i driftstilskot for budsjettåret 2015, slik rådmannen har innstilt på.

For Lindås kyrkjelege fellestråd



Kåre Leivestad  
Leiar i fellestrådet



Torgeir Paulsen  
kyrkjevevjerje